

Til  
Finansdepartementet



## Høyringsuttale. Grunnrenteskatt på havbruk.

**Sogn og Fjordane Næringsråd vart skipa i 2016 og har som målsetting å vere ein sterk og samlande næringspolitisk organisasjon på vegne av næringslivet i Sogn og Fjordane. Ved årskiftet har Sogn og Fjordane Næringsråd 120 medlemmar frå ulike bedrifter og organisasjonar og fleire av desse er frå Havbruksnæringa.**

**Sogn og Fjordane Næringsråd er også medlem i Næringsalliansen Vestland og har eit tett og godt samarbeid med dei andre næringspolitiske organisasjonane på Vestlandet.**

Havbruksnæringa er ei svært viktig distriktsnæring. Saman med leverandørindustrien og anna næringsliv i sitt nærrområde er dette ryggrada i mange lokalsamfunn på kysten. Dei skattegrepa som no er føreslege, saman med tidlegare skatteauke, vil gjere det svært krevjande å skape vidare vekst og trygge sysselsettinga i Havbruksnæringa. Særleg gjeld dette forslaget om ein ny grunnrenteskatt på 40 % av driftsoverskotet. Saman med auka formueskatt, auke frå 500 til 750 millionar kroner i produsjonsavgifta som var innført i 2020 og ein ny naturressursskatt på 750 millionar kroner vil dette bli ei kraftig skatteskjerpning som vil gå ut over lønsemda, framtidige investeringar og arbeidsplassar.

I Vestland var det i 2021 sysselsett 15800 personar i heile Sjømatnæringa (havbruk og fiskeri). Av desse var 9200 direkte sysselsett og 6700 indirekte i tilknytning til næringa. 29 % var sysselsett i leverandørindustrien, som også er ei svært viktig distriktsnæring i Sogn og Fjordane. Kinn kommune er nr. 2 på lista over kommunar i Vestland med flest sysselsett i Sjømatnæringa med 1232 personar sysselsett. Dette er heile 25 % av sysselsettinga i kommunen. Verdiskapinga for heile næringa var på 18.6 mrd. kroner i Vestland i 2021. Dette gjer havbruksnæringa til ei av dei aller viktigaste næringane også i Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane Næringsråd er svært kritiske til måten denne dramatiske skatteauken blir innført på. At dette blir kunngjort på ein pressekonferanse utan varsel, og at skatteendringane blir innført før høyringsperioden er over skaper ikkje tillit. Det er heller ikkje i tråd med grunnleggjande demokratiske prosessar, noko som er svært kritikkverdig. I staden burde slike endringar skje i nært samarbeid med næringa og ikkje gjennom byråkratisk skrivebordsarbeid.

Sogn og Fjordane Næringsråd viser til at Havbruksnæringa ønskjer å bidra til auka skattlegging av næringa men at dette må gjerast på andre måtar enn det regjeringa har føreslege. Næringa har også føreslege at det blir innført ei tidsavgrensa ordning som sikrar staten dei same inntektene fram til ein har ei permanent skatteordning på plass. Det er ulike modellar i andre land som kan greiast ut og som kan tilpassast norske tilhøve. Mellom anna er det etablert ulike ordningar på Færøyaner og på Island. Dette bør danne grunnlaget for ein norsk skattemodell.

### **Konklusjon:**

**Sogn og Fjordane Næringsråd ber om at innføringa av nytt skattesystem blir utsett. Regjeringa må legge stor vekt på alle høyringsuttalane og legge fram ei sak for Stortinget for endeleg avgjerd. Ein viser elles til dei momenta som er vist til i uttalen.**

Hornindal/Førde 4. januar 2023

  
Bjørn Lødemel  
Dagleg leiar